Oppdragsgjevar:	Nye Veier As
Oppdragsnamn:	MK Innleie av prosjektleder RV13
Oppdragsnummer:	618455-40
Utarbeida av:	Kjell Arne Valvik
Oppdragsleiar:	Kristian Losnegard Karlsen
Dato:	08.11.2024
Tilgjenge:	Opent

Notat Strekningsvurderingar kulturminneverdiar Freim - Djupevik

1. Kulturminneverdiar Freim – Djupevik
1.1. Kulturmiljø
1.2. Automatisk freda kulturminne
1.3. Nyare tids kulturminne
1.4. Oppsummering kulturminneverdiar
1.5. Oppfølging – prosess vidare
Kjelder

Versjonslogg:

01	08.11.24	Notat – kulturminneverdiar	KAV	KLK
VER.	**DATO**	**Skildring**	**AV**	**KS**

1. Kulturminneverdiar Freim – Djupevik

I dette notatet er det gjort ei vurdering av kulturminneverdiar på strekninga Freim – Djupevik. Kunnskapsgrunnlaget er kjende registreringar i offentlege databasar (Askeladden og SEFRAK), eigne registreringar og dokumentasjon av kulturminne frå nyare tid og opplysningar i skriftlege kjelder. Strekninga er synfart i samband med

kulturminnedokumentasjonen som blei utført for å oppfylle føresegnene i vedteken reguleringsplan for Byrkjenes lenger nord.

1.1. Kulturmiljø



Figur 1. Statleg listeført kraftleidning, ID 201559-1, vist med rosa linje. Linja ligg innanfor landskapet «Indre Sørfjorden – kraft og industrilandskap» som har nasjonal interesse (KM ID 422). Kjelde: Askeladden, Riksantikvaren.

I reguleringsplan for Byrkjenes er kraftlinja merka med omsynssone H_570, bevaring kulturmiljø. I føresegnene (§9.5) heiter det at «Tiltak og arbeid som medfører ending eller riving av master, eller bygging i leidningsgata, må godkjennast av regional kulturmynde.» I møte med seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune 27.09.23, vart det bestemt at synlege spor etter kulturminnet på strekninga skulle dokumenterast av Nye Veier i samband med planarbeidet. Synlege spor etter kraftleidningen innanfor plangrensa for Byrkjenes vart dokumentert. Heilt i sør vart òg strukturar utanfor plangrensa dokumentert, for eventuelt seinare arbeid der. Registreringane i sør inngår i denne strekningsvurderinga.



Figur 2. Utsnitt frå den nasjonale kulturminnebasen for den aktuelle strekninga Freim - Djupevik. Heile strekninga ligg innafor kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (KUL K422, lys brun bakgrunn). Utsnittet viser i tillegg automatisk freda kulturminne, freda kulturminne frå nyare tid og SEFRAK-registrerte bygningar fram til ca. 1900 (trekantsymbol). Kjelde: Askeladden, Riksantikvaren.

Figur 3. Kraftleidningen ligg på NVE sine nettsider: https://www.nve.no/om-nve/nves-listefoerte-kulturminner/kraftledninger/tysso-i-odda-smelteverk/.

1.2. Automatisk freda kulturminne

Det er ikkje registrert kjente automatisk freda kulturminne knytt til dei aktuelle utbetringspunkta på strekninga Freim – Djupevik.

1.3. Nyare tids kulturminne

Det er kjent kulturminne frå nyare tid på den aktuelle strekninga. Dette er restar etter den statleg listeførte kraftleidninga (Id 201559 Tysso I – Odda smelteverk/Kraftleidning). I tillegg er det registrert bygningar, ruinar og rivne bygningar i SEFRAK-registrert.

Figur 4. I det grøne parkområdet låg dei fire SEFRAK-registrerte bygningane på Urheim som er rivne. Kjelde: Google Maps.

Fire SEFRAK-registrerte bygningar på Urheim er rivne. Dei låg i det grøne parkområdet på nordsida av riksvegen på Freim. Dette var garasje/hybelleilegheit, våningshus, verkstad og vedbu. Alle var frå tidleg på 1900-talet. Det er i dag ingen synlege spor etter desse bygningane tett på riksvegen. Det same gjeld SEFRAK-registrert arbeidarbustad på Freimsanden like sør for riksvegen.

Våningshuset på Freimsberg ligg tett på riksvegen. Bygningen frå første halvdel av 1900-talet er SEFRAK-registrert. Tiltak gjer at vegen kjem tettare på huset.

Figur 5. SEFRAK-registrert våningshus på Freimsberg til venstre. Kjelde: Google Maps.

På vestsida av riksvegen ved Freimsberg ligg ein vedtaksfreda bygning, kalksteinssilo, frå 1956 (Askeladden Id 127142). Kalksteinsiloen ligg på importkaia med langsida mot lossekaia i nord (til venstre på fig. 5. over). Han har ei rektangulær hovudform og byggematerialet er armert, ubehandla betong. Det vedtaksfreda industrielle kulturminnet har internasjonal- og nasjonal verdi, og er omgitt av kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse, K83 Odda smelteverkstomta. Dette miljøet strekk seg heilt opp til vestre vegkant på riksvegen (jf. fig. 6 under).

Figur 6. Vedtaksfreda kalksteinssilo (Id 127142) og kulturmiljø K83. Kjelde: Askeladden/ Riksantikvaren.

På Ladberg, litt forbi Freimsberg, stod det tidlegare tre SEFRAK-registrerte bygningar. Dette var bustadhus, uthus og grisehus som stod på nordsida av riksvegen. Bygningane, alle frå tidleg på 1900-talet, er rivne. Det er ikkje synlege ruinar eller spor etter bygningane i dag.

Figur 7. Bevart mastefundament i betong på berg tett på riksvegen. Mastefundamenta står i par, og det andre fundamentet er synleg litt opp i lauvskogen. Kjelde: Google Maps.

På nordsida av riksvegen, like ovanfor nausta på gbnr. 58/289 og 58/284, står det to mastefundament knytt til den statleg listeførte kraftlinja. Det eine står på betongfundament på berg i vegkanten. Neste mastepunkt i retning Odda er nedbygd i bustadfelt, jf. flyfoto frå 1965.

Lenger nord kjem ein inn i området som er registrert/dokumentert i samband med føresegnene til reguleringsplanen for Byrkjenes, Nede ved riksvegen er det trapp og repo i betong som leder opp til linjetraseen (mastefundament) og kabelgrøfttrasen, jf. registreringskart under. Tursti følger grøftetraseen til kraftlinja vidare nordover, og sørover mot Odda. Kabelgrøftetraseen/turvegen ligg på strekninga sør til Freimsberg høgare i terrenget.

Figur 8. Betongtrapp og repo som leder opp til kabelgrøfttrase/mastefester. På delstrekningar har kabelgrøfttrasen funksjon som turveg.



Figur 9. Registreringspunkt statleg listeført kraftleidning. Til venstre: Oversikt over alle registrerte punkt, nr. 1 til 49. Plangrensa er markert med stipla line. Registrerte kulturminnepunkt sør for stipla plangrense knytt til reguleringsplanen for Byrkjenes gjeld denne strekningsvurderinga Til høgre: Registreringspunkta sett i høve til registreringa av linja i kulturminnedatabasen «Askeladden». Kjelde: Asplan Viak.



Figur 10. Utsnitt registrerte kulturminnepunkt i sør som er dokumentert i samband med Byrkjenesplanen. Kjelde: Asplan Viak.

Tabell 1. Registrerte kulturminne knytt til den statleg listeførte kraftlinja Odda – Tyssedal på den aktuelle strekninga.

Nr	Bilde		Skildring
43	1,2	 	**Mastefeste.** Støypt, rektangulært. 
44	1,2		**Mastefeste.** Støypt, rektangulært, med nr. 113. Dreneringsrøyr i fundamentet (bilde 3)
44	3		

45	1,2		**Mastefeste.** Støypt, rektangulært. Oppmurt kabelgrøft nedanfor (bilde 2).
46	1,2		**Mastefeste.** Støypt, rektangulært. Oppmurt kabelgrøft (bilde 1) i bratt terreng mellom punkt 45 og 46. 
49	1		**Merke** ved berg i vegkanten. Merket SP2.

Ved foten av svaberg tett på riksvegen står det ein merkestein, med innskrift SP 2. Dette er eit merke for telekabel eller straumkabel, og kan knytast til kabeltraseene som går i samme gate som linjetraseen eller telekabel i den gamle vegen mellom Odda og Tyssedal vart fullført på naudsarbeid i 1922. Det står eit slikt merke med nummer for kvar kablellengde = 185,2 m (1/10 nautisk mil). Truleg står merket der kablen er skøytt.

Figur 11. Ved foten av svaberg tett på riksvegen står det ein merkestein, med innskrift SP 2 (Nr. 49). Dette er truleg eit merke for telekabel eller straumkabel. Kjelde: Google Maps/Asplan Viak.

Figur 12, Merkestein (Nr. 49). Kjelde: Asplan Viak.

Lengst nord står det eit SEFRAK-registrert naust frå første halvdel av 1900-talet. Dette blir ikkje påverka av vegutbetringa, som skjer på innsida av dagens veg.

1.4. Oppsummering kulturminneverdiar

Kulturminna i gjennomgangen over er i hovudsak knytt til synlege spor etter kraftlinja som er tatt ned på strekninga mellom Tyssedal og Odda, hovudsakleg i form av mastefundament. Mastefundamenta er støypt, og nokre stader forblenda eller bygd på natursteinsfundament. Kabelgrøfta mellom mastene er og godt synleg langs heile traseèn og er mange stader mura opp med naturstein. Over fleire av elvene/bekkane er den lagt i kabelbruer i tre (rivne), fundamentert i støypte konstruksjonar på begge sider. På strekninga finst og mellom anna boltar etter avstivingsstolpar, merke, trappar, oppmuringar under kampestein (sikringar), ein klopp og nokre hellarar. Hellarane var brukt av arbeidsfolket ved bygginga av kraftlina, og hadde spor etter opphald (restar av omnar, kasserollar, mv.). Alle desse spora kan knytast til arbeid og etablering av tidlegare kraftleidningar mellom Tyssedal og Odda. Dei fleste av dei dokumenterte mastefundamenta kan truleg knytast til ombygginga som gjekk føre seg mellom 1910 og 1913, då mellom anna kabelgrøfta òg vart anlagd.

Fleire av desse spora vil bli truleg bli fjerna i samband med vegutbetringar på strekninga Freim – Djupevik. Dette gjeld både mastefundament, trapp/repo og merkestein. I føresegnene til reguleringsplan for Byrkjenes (nord for strekninga som er vurdert i dette notatet) og etter avtale med seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, skulle spora dokumentert med foto, kartfesting og skildring. Spora etter kraftlinja i sør er difor dokumentert på lik linje og etter dei same krava som i reguleringsplanen for Byrkjenes.

I tillegg ligg det SEFRAK-registrerte kulturminne, i hovudsak bygningar og bygningsruinar frå tidleg på 1900-talet langs vegstrekninga. Utbetringstiltaka kjem ikkje i direkte konflikt med desse, men gjev noko meir nærføring. Tiltaka medfører ikkje større nærføring til vedtaksfreda kalksteinssilo og tilhøyrande kulturmiljø K83.

1.5. Oppfølging – prosess vidare

Tiltaka knytt til vegutbetring på strekninga Freim – Djupevik er vurdert i forhold til kjente registrerte kulturminne, både frå førhistorisk tid og nyare tid. Synlege kulturminne frå nyare tid som ikkje ligg i offentlege databasar er registrert og dokumentert på strekninga. At tiltaka er sjekka ut i forhold til kjente funn (kml. § 8) er ikkje dekkande for undersøkingsplikta (kml. § 9).

Formelt må tiltaka sendast over til den regionale kulturmiljøforvaltninga, Vestland fylkeskommune, for uttale og vurdering i forhold til hittil ikke kjente automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova §9 (Undersøkingsplikta). *Ved planlegging av offentlege og større private tiltak plikter den ansvarlege leiar eller det ansvarlege forvaltningsorgan å undersøke om tiltaket vil verke inn på automatisk freda kulturminne på en måte som nemnt i § 3 første ledd, jf. § 8 første ledd.*

Tiltaka knytt til vegutbetringa ved Freimsberg er planlagt med utviding på austsida av vegen, og kjem difor ikkje i konflikt med vedtaksfreda bygning med tilhøyrande kulturmiljø som strekker seg heilt inntil vegen på vestsida.

Vegutbetringa vil gje større nærføring til SEFRAK-registrert bygning (SEFRAK Id 1228-0304-013). Nærføringa medfører usikkerheit om bustadhuset framleis kan brukast til bustadføremål etter at utbetringstiltaket er gjennomført. Dette kan medføre at huset blir innløyst og eventuelt rive. Det SEFRAK-registrerte huset er frå tidleg på 1900-talet, og er ikkje meldepliktig etter kulturminnelova §25. SEFRAK-registrerte bygningar frå 1850 eller eldre er meldepliktige til regional kulturmiljøforvaltning (VLFK).

Merkesteinen med påskrifta SP 2 må flyttast og takast vare på slik at den kan settast opp igjen i området etter at utbetringstiltaket er utført. Alternativt må merkesteinen leverast til Kraftmuseet i Tyssedal.

Dei andre kulturminna frå nyare tid på strekninga Freim – Djupevik, knytt til kraftlinja mellom Odda og Tyssedal, er vurdert og dokumentert i samsvar med føresegnene i vedteken reguleringsplan for Byrkjenes.

Kjelder

- Digitalt Museum. Kraftmuseet.
- Kraftoverføringens kulturminner, Norges vassdrags- og energidirektorat
- Kulturminnedatabasen Askeladden, Riksantikvaren
- NVE sine nettsider. Lest 16.01.2024: Kraftledning: Tysso I – Odda Smelteverk (nve.no)